



Notat

Emne: Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014 - 2020 - møte 24. mars 2014 i gruppa som representerer born og unge i plansaker - kort notat

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Kjersti Flatråker

Vår referanse: 14/291 - 14/2930 / FE - 122, HistSak - 13/1551

Dato: 03.04.2014

Tilstades:

Rolf Sandstad

Rita V. Amundsen

Tove Linn Øren

Gruppa er samde i at planen bør ha fokus på born og unge, og der dei ferdast og då særleg på trafikktilhøve rundt skular og barnehagar samt der dei utøvar fritidsaktivitetar.

Dale barnehage er ikkje ein eigen eining, men må omtalast som ein avdeling, rett side 18. Tilhøva på Dale er særst utfordrande, både for avkjørsle til riksveg rv 565 og for ungane når dei skal ut på tur.

På Sæbø skule kunne det vere eit ynskje at ein betre markerte bussen sitt areal. Det er eit problem at foreldre stoppar bilane sine her for å hente eller setje av ungane.

Gruppa peika på kor viktig det er at skulevegar, gangvegar og fortau vert vedlikehalde og brøtt. Det må vere gode tilhøve for gåande og syklande uansett årstid og ver slik at det er forutseieleg at dei trygt kan nytte same vegene uansett.

Skulane og barnehagane ligg i dei områda der det bur flest folk og trygge tilhøve her vil og gagne resten av befolkninga.

Mykje av trafikksikkerheitsarbeidet bør ha fokus på haldningsskapande arbeid.

Side 21 Skrivefeil i punkt 4: Kvar vår.

Post

postmotak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Sett inn barnehagane i punkt 10. På foreldremøte kan ein ha fokus på bruk av bilbelte og sikring i bilen, både av dei vaksne og av ungene. Ein kan snakke om parkering, korleis du forlet bilen, med eller utan ungene i, unødig køyring, fart, holdningar og liknande.

Referent: Kjersti Flatråker